

Fra: Arne Gjerde[arne.gjerde@n-lt.no]

Sendt: 26.08.2019 13:41:22

Til: Ingo Bewer[ingo.bewer@kvinnherad.kommune.no]

Kopi: Kjartan Thoresen[kjartan.thoresen@kvinnherad.kommune.no]; Hilde Kjelstrup[

hilde.kjelstrup@kvinnherad.kommune.no]; Anbjørn Høivik[ anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no]; Karin Thauland[

karin.thauland@kvinnherad.kommune.no]; Hildegunn Furdal[ hildegunn.furdal@kvinnherad.kommune.no];

harald@byggadmin.no[ harald@byggadmin.no];

Tittel: SV: Reguleringsplan Fatland

---

Hei, Ingo!

Det meste som vart avtala i møtet den 27. mai, står det ikkje noko om i referatet.

Eg var klår på at eg ville ha reguleringsplan, det var jo heile poenget med møtet, og at eg ville starta opp fortast råd. Då spurde eg deg, Ingo, om saka måtte venta heilt til august for å få det formelle løyvet frå Forvaltningskomiteen til å starta opp arbeidet med planen. Du svara at eg måtte faktisk venta til september, fordi det ikkje skulle vera noko møte i august.

Eg tolka sjølv sagt det som at saka skulle koma opp på september-møtet, noko eg står fast på framleis. Og sett i lys av Anbjørn sin lovnad på synfaringa hos meg, om at kommunen skulle jaga saka gjennom så fort som råd, så er det sjølv sagt at saka skal opp no.

Frå mai-møtet vårt og fram til i dag har det gått tre lange månader! Berre for å venta på å få eit ja, som alle veit at eg får. Kor mykje lenger skal eg måtta venta? Det er rundt 14 år sidan eg først fekk beskjed frå kommunen om at eg IKKJE skulle måtta laga reguleringsplan!

At det faktisk var eit møte i Forvaltningskomiteen den 19.06.2019, var det ingen som opplyste om. Det var sjølv sagt på dette møtet saka skulle ha vore oppe. Om kommunen av ein eller annan grunn vil stoppa planen, skal dette etter PBL §12-8 gjerast umiddelbart etter oppstartmøtet.

Og oppstartmøte, det var jo verkeleg møtet me hadde den 27. mai. Eg kan ikkje i PBL sjå at det skal vera nødvendig med fleire møte. Om så er så kan eg stilla kva dag som helst denne veka.

Dersom saka ikkje skal opp på septembermøtet, vil eg vita det i dag måndag. For då krev eg saka lagt fram for kommunestyret no, torsdag om tre dagar.

I referatet frå mai-møtet står det forresten at Karin skal undersøkje kva eg kan gå i gang med utan reguleringsplan. Eg har ikkje høyrte noko meir om det, men eg har sjølv lese meg til at eg kan laga gardskafe og gardsbutikk. Kanskje kjem eg snart med ein byggesøknad på desse to, for å sleppa å sitja lenger med nevane i fanget og berre venta. Men det er ikkje denne måten det burde skje på, det blir alt anna enn plan ut av dette.

Elles til deg, Karin, kan eg seia at saka med Innovasjon Norge har fått ei heilt anna vending, etter at eg ved eit tilfeldig høve trefte på ein kar som sit høgt oppe i systemet i organisasjonen. Han var himmelfallen over måten eg var blitt motteken på i Bergen, dette var jo eit prosjekt midt i smørauget for dei, sa han. Så denne saka kjem nok opp att der i garden.

Håpar de kan få fortgang i saka i kommunen no!

Mvh

Arne Gjerde

PS. Eg fekk nett telefon frå ein kunde som har eit problem som hastar for henne. Eg lova det ferdig til i morgon tidleg. Det er standard kundeservice hos meg.

---

**Fra:** Ingo Bewer <ingo.bewer@kvinnherad.kommune.no>

**Sendt:** torsdag 22. august 2019 14:07

**Til:** Arne Gjerde <arne.gjerde@n-lt.no>

**Kopi:** Kjartan Thoresen <kjartan.thoresen@kvinnherad.kommune.no>; Hilde Kjelstrup <hilde.kjelstrup@kvinnherad.kommune.no>; Anbjørn Høivik <anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no>; Karin Thauland <karin.thauland@kvinnherad.kommune.no>; Hildegunn Furdal <hildegunn.furdal@kvinnherad.kommune.no>; harald@byggadmin.no

**Emne:** SV: Reguleringsplan Fatland

Hei,

Visar til vedlagte referat.

Kan ikkje ser at eg har lovd at saken komer opp til septembermøte. Om saken skal behandlast, skal det først gjerast eit oppstartmøte.

Med venleg helsing

**Ingo Bewer** | Arealplanleggjar

Mobil: +47 47655391

[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no) | 



*Tenk miljø før du skriv ut!*

---

**Fra:** Arne Gjerde <arne.gjerde@n-lt.no>

**Sendt:** torsdag 22. august 2019 10:38

**Til:** Ingo Bewer <ingo.bewer@kvinnherad.kommune.no>; Harald Bjørndal <harald@byggadmin.no>

**Emne:** Reguleringsplan Fatland

Hei, Ingo og Harald!

Berre ein liten status-sjekk frå mi side, når det gjeld reguleringsplanen for Gullparken. Det er jo møte i Forvaltningskomiteen den 4. september, og det me avtala i møtet i april var at då skal saka koma opp.

Er det noko du Ingo manglar frå Harald Bjørndal i den samanhengen? I så fall må me vel hiva oss rundt og få det på plass.

Arne Gjerde